

# Ekorn (*Sciurus vulgaris*)

## Ekorna vart hausta før



Foto: Norges Dyr 1991

### NAMNET

Ekorn kjem av eik og horn – den likar eikenøtter, og øyrene liknar horn.

### HUS OG MAT

Ekorna byggjer ofte bol. Dei har to bustader, ein til vinter og yngling og ei ”hytte” til sommarbruk. Dei får 3-6 ungar, og kan ha to kull i sesongen.

Ekorna likar nøtter, sevje, egg og fugleungar, frø, insekt og sopp – ekorna tåler dei giftige flugesoppene.

### FIENDAR

Mår og hønsehauk dei verste fiendane

### JAKT OG FANGST

Frå gammalt av har gråverk (vinterskinn av ekorn) vore ei handelsvare. På det meste var eksporten oppe i 560 000 skinn i 1935.

Kjøttet er godt, men lite brukt. Jakttida seinhaust/vinter. No er det mange fleire ekorn som vert drepne i trafikken enn på grunn av jakt.

Ekorn vert rekna som skadedyr i skogsdrifta, då dei kan skada barken på trea.

### KJÆLEDYR

I Romerriket hadde mange kvinner ekorn til kjæledyr.



5-6 cm

### SPOR OG SPORTEIKN

Det er lett å finne sporteikn etter ekorn. Typiske sporteikn er utstilte i monterten her.

Ekornspor startar og sluttar vanlegvis ved eit tre.

Gamle ekorn har lært teknikken med å dele hasselnøtter i to. Unge ekorn gneg meir planlaust i veg. Spora kan dermed avsløre om det er gamle eller unge ekorn som har vore her.